

Til:

Hordaland fylkeskommune
Telemark fylkeskommune
Aust-Agder fylkeskommune
Vest-Agder fylkeskommune
Rogaland fylkeskommune
Agder bispedømme
Stavanger bispedømme
Bjergvin bispedømme

Deres ref. Arkivsakid-doknr: 13/142-21
Journalpostid: 2013017182

Saksbeh:
Telefon: 53 65 40 00

Arkivkode Dato:
K1 - 223, K2 28.10.2013
- D13

Pilegrimssenter i Røldal

Odda kommune ønsker å få reist et pilegrimssenter ved gamle Røldal stavkyrkje. En arkitektkonkurranse er gjennomført, og vinnerutkastet ble «Treklang» av Lund + Slaatto arkitekter. I tillegg er arkeologiske og hydrogeologiske prøver tatt på tomte. Det gjenstår et områdeplanarbeid, kjøp av tomt og oppfinansiering av selve byggeprosjektet anslått til ca. 28 000 000 kroner.

Miljøverndepartementet har den siste tiden hatt ansvaret for den nasjonale pilegrimssatsingen, et arbeid som så langt i all hovedsak har løftet fram Nidaros og veiene som leder dit. Men Røldal er også et historisk svært viktig pilegrimsmål, og det bør være en styrke for landet å bygge opp to solide pilegrimsmål og -miljøer.

En realisering av Pilegrimssenter i Røldal vil ha en sterk, regional betydning. Det kulturhistoriske nedslagsfeltet til senteret vil dekke de gamle vandringsveiene til Røldal fra Suldal, Vest-Telemark, Setesdal og Stavanger, m.fl. En ensrettet, nasjonal vektning av Nidaros som pilegrimsmål vil ikke kunne fange opp hverken Røldal eller miljøene rundt på en tilfredsstillende måte. Røldal bør løftes fram og bli et Nasjonalt Pilegrimssenter, en naturlig kandidat nummer to etter Nidaros, med relevante, regionale oppgaver.

En forutsetning for å få realisert Pilegrimssenter i Røldal ser ut til å være at prosjektet kommer inn på statsbudsjettet. **For å få en større tyngde i appellen vi må rette mot statlige myndigheter tror vi det ville være en stor fordel å få en rekke fylkeskommuner og bispedømmer med i promoteringsarbeidet rundt Pilegrimssenter i Røldal.** Med medvirkning fra flere sentrale, offentlige og kirkelige aktører i det kulturhistoriske nedslagsfeltet til pilegrimsmålet Røldal vil vi lettere kunne bli hørt.

Et levende kraftsenter

Telefaks: 53 65 40 51	Org.nr: 964 967 814	Telefon: 53 65 40 00
Opheimsgata 31	Bankgiro: 3201.50.24584	Telefaks: 53 65 40 51
5750 ODDA	Innbetaling skatt: 6345.06.12288	Epost: epost@odda.kommune.no

MØTEBOK

Ryfylkefondet

Saksnr:
28/13

Utval:
Ryfylkefondet

Møtedato:
15.11.13

Saksansvarleg:	Arne Kleppa
Saksbehandlar:	
For vidare behandling:	Utskrift sendt til: Søkjar, Revisjonen

SAK: ODDA KOMMUNE – PILEGRIMSSENTER RØLDAL

Vedlegg i saka:

Søknad av 10.09.13
Prosjektbeskrivelse

Faktaopplysningar:

Etablering av Pilegrimssenter i Røldal som m.a. inneber eit nybygg kalkulert til 28 mill. Det vert arbeidd ut frå ei finansieringsskisse med fordeling stat, fylke og kommune på respektive 60 – 20 – 20. Søknaden til Ryfylkefondet kjem under kommunedelen på 20. Det er ikkje søkt om konkret tilskotsstorleik men søkjar skriv i slutten av søknaden slik:

Odda kommune søker med dette Ryfylkefondet om støtte til realisering av et pilegrimssenter i Røldal, et nybygg ved Røldal stavkyrkje. All økonomisk og verbal støtte vil være til stor hjelp i det videre arbeidet med å reise et pilegrimssenter ved Røldal stavkyrkje.

Det vert elles vist til omfattande faktaopplysningar i søknaden og prosjektbeskrivelsen.

Vurdering:

Styret har med utgangspunkt i vedtektene for fondet vedteke vegleiande retningsliner for bruk av fondet, og i tre punkt lista opp tiltak der tilskot frå fondet som hovudregel ikkje er aktuelt. Punkt 3 lyder slik:


Tiltak av tiltakshaverar med forretningsadresse utanom definert bruksområde for Ryfylkefondet der verknadene av tiltaket vert vurdert som sekundært for bruksområdet . (regionen).

Dagleg leiar finn det difor innleiingsvis naturleg å drøfta eventuelt tilskot sett i lys av refererte punkt i retningslinene.

- **Det vert føresett at samla finansieringspakke kjem på plass – og at senteret vert realisert i samsvar med dei planar som kjem fram i søknaden.**

Vedtaket vart gjort med 3 mot 3 røyster og fastsett ved møteleiar si dobbelrøyst.

Janne Johnsen, Trine Danielsen og Helge Steinsvåg røysta for framlegget frå Janne Johnsen.



DEN NORSKE KIRKE

Stavanger bispedømmeråd

Odda kommune
Opheimsgata 31
5750 ODDA

ODDA KOMMUNE	
Saksnummer: 2013000142	
24	
17 OKT 2013	
Arkiv: 223 D13	
Kategori: LEV	
13/18048	

Dato: 08.11.2013

Vår ref: 11/195-24 PMA

Deres ref: 13/142-21

Pilegrimssenter i Røldal

Det vises til brev av 28.10.2013.

Stavanger bispedømmeråd er opptatt av pilegrimsmotivet og pilegrimsarbeidet som vokser fram i vår tid. Utstein Pilegrimsgard er navet i dette arbeidet.

Biskopen løfter pilegrimsmotivet fram i forbindelse med visitaser og det arrangeres lokale pilegrimsvandringer mange steder i bispedømmet. I tillegg arrangeres det lengre vandringer til ulike mål og pilegrimsseilaser langs kysten.

Røldal gamle stavkirke er et av målene for pilegrimsreiser fra Stavanger. De siste fire årene har vi arrangert en 5-dagers pilegrimstur fra Stavanger til Røldal i forbindelse med pilegrimsstevnet der i begynnelsen av juli. Dette er noe vi vil videreutvikle i årene som kommer, og vi håper at tanken om et Pilegrimssenter i Røldal, med et godt mottak for pilegrimer som kommer, kan bli realisert. Vi kjent med at det er flere steder i Norge med gamle helligsteder, kulturminner og pilegrimshistorie som også ønsker å få etablert pilegrimssenter, bl.a. i Stavanger og Bjørgvin bispedømmer.

Med vennlig hilsen

Åge Bognø
stiftsdirektør

Margun Pettersen
sekretær
Direkte innvalg: 51 84 62 74



DEN NORSKE KYRKJA

Agder og Telemark biskop Bjørgvin biskop

Kulturdepartementet
v/kulturminister Thorhild Widvey
Postboks 8030 Dep.
0030 Oslo

JØNNA KOMMUNE	
Postnr. 2013000142	Postnr. 26
1. juli 2013	
Akkontnr. 223 D13	
EMS	
13/0629	

Dato: 02.12.2013

Vår ref: 12/252-10 DAK

Dykkar ref:

Kopi: JOP

Pilegrimssenter i Røldal – oppmoding om statleg engasjement

Røldal stavkyrkje er historisk sett eit av Noregs viktigaste pilegrimsmål etter Nidarosdomen. Folk gjekk pilegrim til Røldal frå mellomalderen av og heilt til 1835, lenge etter at den lutherske kyrkja eigentleg hadde forbode det. Sveittedråpane frå det undergjerande og helsebringande krusifikset i stavkyrkja skulle gi helsebot og tilgjeving.

Dei ti siste åra har pilegrimsvandringar til Røldal blitt tekne opp att. Etter to hundre års stopp, har årleg fleire hundre moderne pilegrimar vandra gamle pilegrimsleder til Røldal frå både vest og aust i byrjinga av juli. Her har dei samla seg på pilegrimsstemnet i Røldal som vert skipa til i den helga som ligg nærast «gamaljonsok», 6. juli. Pilegrimsarbeidet i Røldal er i regi av Røldal sokneråd og vert leie av sokne- og pilegrimspresten i Røldal. I tillegg kjem det fleire tusen turistar til stavkyrkja i Røldal årleg.

Frå Agder og Telemark bispedøme går hovudvandringane frå Vest-Telemark (ni dagar) og Hovden (fire dagar). Dette er vandringar der kyrkja og historielag samarbeider. Prostidiakonen i Vest-Telemark har i tillegg til dette dei siste åra stått bak pilegrimsvandringar for psykisk sjuke («Å vandre med håp»), for etterlatne etter sjølv-mord («Vandring for forandring») og for innsette i fengsel («Vandring mot fridom»).

Også i regi av bispedøma Stavanger og Bjørgvin kjem det pilegrimar til Røldal kvart år. Det har frå 2007 òg vore vandringar til Røldal for Odda Barneskule innanfor Den kulturelle skulesekken. Kyrkja i Odda utviklar no eit eige pilegrimsprogram for konfirmantar og unge.

Pilegrimssenter i Røldal

At pilegrimsvandringane til Røldal er tekne opp att det siste tiåret, har medverka til konkrete planar for å etablere eit pilegrimssenter i Røldal. Engasjementet til Biskopane i bispedøma som soknar til Røldal som pilegrimsmål, har nok også vore viktig for at arbeidet med pilegrimssenteret no kan nærme seg realisering. Heile 182 ulike utkast kom inn i arkitektkonkurransen, og i februar 2012 vart det kåra ein vinnar, Lund & Slaatto Arkitekter AS. Prosjektet er kostnadsrekna til 28 millionar kroner.



Vinje kommune
Rådmannen

Odda kommune
Opheimsgata 31

5750 ODDA

ODDA KOMMUNE	
Saksnr. 2013000142	Dok. nr. 27
09 JAN 2014	
Ark.kode 223 D13	
Avdeling	Saksst. EMS
Jnr. 14/459	Gradering

KCPI: JOP, AER

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
HKL	2013/1318	241/2014	C55	06.01.2014

Kommunesamarbeid - søknad om støtte til pilegrimssenter i Røldal

Viser til søknad om støtte til pilegrimssenteret i Røldal.

I samband med budsjetthandsaminga vedtok Vinje kommunestyre å avsette kr. 100.000,- til dette føremålet.

Midlane blir utbetala når prosjektet er fullfinansiert og bygging blir sett i gong.

Vinje kommune ynskjer lykke til med prosjektet!

Med helsing

Hans Kristian Lehmann
rådmann



Hardangerrådet



Hardanger

Til
Odda Kommune
v/Ordføreren

Melding om vedtak gjort i Hardangerrådet 10.10.13

Særutskrift:

HR-sak 41/13 Søknad om støtte Pilgrimsenteret i Røldal

John Opdal gjekk frå som ugild i denne saka.

Solfrid Borge føreslo:

«Hardangerrådet iks løyver 200.000 kr frå Kraftlinefondet, Hardangerrådet sin del, til realisering av Pilegrimsenteret i Røldal.»

Vedtak

1. Hardangerrådet iks er svært positiv til at Odda kommune saman med alle andre gode krefter får realisert eit Nasjonalt Pilegrimssenter i Røldal og gjev med dette vedlagde støtteuttale til prosjektet.
2. Hardangerrådet iks løyver 200.000 kr frå Kraftlinefondet, Hardangerrådet sin del, til realisering av Pilegrimsenteret i Røldal.

Kinsarvik 16.10.2013

Fruktbar helsing Hardangerrådet
Trude L. Rinaldo
Konsulent



Odda kommune
Opheimsgata 31
5750 ODDA

SAUDA KOMMUNE	
Saksnr	2013000142
Arkivnr	23
05 OKT 2013	
Ark.kode	223 DB
Avdeling	LEV
13/17845	

Deres ref.	Vår ref./Saksbehandler	Arkivkode:	Dato:
	11/260-65/13/10938/Solfrid Løvbrekke Handeland	223	05.11.2013

VEDTAK I SAUDA FORMANNSKAP I SAK 073/13 - KOMMUNESAMARBEID-SØKNAD OM STØTTE TIL PILGRIMSSENTER I RØLDAL

Sauda formannskap ble forelagt ovennevnte søknad i sak 073/12 i møte 30.10.2013.

Formannskapet fattet i møte følgende vedtak:

Sauda kommune stiller seg positiv til å bidra til pilgrimsenter i Røldal. Formannskapet ber ordfører løfte saken inn for Ryfylke IKS med sikte på felles tilnærming. Enstemmig vedtatt.

Med hilsen
Kundetorget

Solfrid Løvbrekke Handeland
politisk sekretær/fagleder Kundetorget



VALLE KOMMUNE
Valle kommune

Odda kommune
Opheimsgata 31

5750 ODDA

ODDA KOMMUNE	
J. L. Ingvaldseter/het Folleszaktivet	
Saksnr 2013000142	Doknr 22
20 OKT 2013	
Arkivkode 223 DB	
Avdeling	LEV
13/17231	

Vår ref:
2012/854-32

Sakshandsamar:
Tarald Myrum
☎ 37937513
tarald.myrum@valle.kommune.no

Arkiv:
223


Dato:
25.10.2013

Kommunesamarbeid - søknad om støtte til pilegrimssenter i Røldal

Viser til dykkar brev datert 04.09.2013 om ovannemnde.
Valle formannskap har drøfta søknaden og ein stiller seg positiv til prosjektet.

Det er eit tiltak som og har historiske forgreiningar til vårt område. Valle kommune ser det difor som naturleg å vere med på å realisere dette prosjektet på eit eller anna vis. Vårt engasjement vil bli av ein symbolsk storleik i høve til kostnadsoverslaget. Det vil vere naturleg med i samordning mellom kommunane der engasjementet frå dei ulike kommunane vert avklåra. Det er naturleg at vertskommunen tek initiativet til ei slik avklåring.

Med helsing


Tarald Myrum
Ordfører

Odda kommune
Opheimsgata 31

5750 ODDA

ODDA KOMMUNE	
Journalenhet Følg. 2014	
Saksnr. 2013000142	Dok. nr. 30
11.03.2014	
Ark kode 223 D13	
Avdeling	EMS
Jnr. 14 2159	Gradening

Kopi. JOP

Dykkar ref.

Vår ref.
13/745-4 14/1699
Torkel Myklebust

Arkivkode:
D13

Dato:
07.02.2014

VEDK SØKNAD OM STØTTE TIL PILEGRIMSSENTER I RØLDAL

Kommunestyret i Suldal gjorde i møte 10.12.2013, i sak Økonomiplan med handlingsprogram 2014 – 2017, slikt vedtak:

Suldal kommune ser eit mogleg pilegrimssenter som viktig kulturhistorisk løft med betydning for vår region. I første omgang vil ein støtte tiltak i dei fora som måtte vera aktuelle for realiseringa av prosjektet. Ei eventuell pengestøtte vil verta vurdert seinare.

Med helsing



Torkel Myklebust
ordfører